



INSTRUKS BANERIGG 5AR - 2018

Det er felles kamputstyr i barnefotballbrakka som inkluderer hattar og vestar til kampvertar. Ein kampvertvest per bane de skal merke opp.

Opprigg bane

1. De bør rekne god tid når ein skal merke opp banar og flytte mål, møt difor opp i god tid.
2. Det er lagt ut på Facebook og heimesida kor mange banar som skal merkast på den aktuelle dato. Terminlista heng også på tavla utanfor garasjen.
3. Sjå banekart for oversikt over kvar dei ulike banane skal vere. Banekartet er laminert, og desse kan de ta med dykk ut når de skal merke opp banane. Her står det og kor store dei skal vere (dette gjeld kun for gras 2 – ikkje når kampane går på KIWI-banen. Det er eige oppsett på KIWI-banen)
4. Banestørrelse:
 - a. Lengde: 30 meter
 - b. Breidde: 20 meter
 - c. Straffefelt: 15 x 6 meter
 - d. Mål: 5ar mål
5. Kvar bane får ein kampvertvest som følgjer bana.

Nedrigg bane

1. Sette måla ut av bana. Sørgje for at det ikkje ligg søppel igjen etter laga!!
2. Samle saman alle markørane og anna utstyr som ein har tatt med ut. Dette skal i lag med kampvertvest tilbake i barnefotballbrakka.
3. Ligg det kle eller anna utstyr igjen på bana tek ein det med og heng det opp på garasjen (på sida mot KIWI-bana er det hengt opp knaggar).

Hugs!

1. Laga som skal spele kampar er sjølve ansvarleg for å ta med seg vestar og ball til kampen. Dette tek de med i frå lagsutstyret dykkar.
2. Hattane som ein nyttar til å merke bana med er merka «Felles B», så det skal ikkje gå an å forveksle desse med laga sine hattar.
3. Flate markørar kan nyttast til å merke målområdet.

LUKKE TIL ☺